



## PLANINITIATIV

### Mal for materiale som skal leverast ved førespurnad om oppstartsmøte

Ved ønskje om oppstart av privat reguleringsplanarbeid, skal forslagsstillar sende inn eit planinitiativ som i naudsynt grad skal omtale premissene for det vidare planarbeidet. Malen er utarbeidd for å dekke punkta som det skal gjerast greie for i eit planinitiativ etter § 1 i [Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulerings etter plan- og bygningsloven](#).

Forslag til plannamn:	<b>Reguleringsendring Risøy Gnr. 81 Bnr. 1 (PlanID 163.2009.08)</b>
Stad/område:	Risøy
Gnr./bnr.:	I Gnr 81. Bnr. 1 er det nå utskilt en rekke tomter.
Tiltakshavar:	Hyttelaget
Plankonsulent:	Og Arkitekter


#### Hovudinnehaldet i planinitiativet

Planendringa har som mål å endre planen slik at den er i samsvar med det som er bygget av veger hytter naust og anlegg for småbåtar i sjø. Det er og et ynskje om ein kan få betre presisjon i forhold til eit nytt og betre kargrunnlag for plassering av hytter på ubygde tomter.

Føresegne tenkar ein endra slik at dei kan samsvare med føresegner for den tilgrensande planen i vest, Risøy hyttefelt PlanID 1263-201604. Stikkord: Størrelse på hytter 120 m<sup>2</sup>, Frittståande annekts 20 m<sup>2</sup> og at det vert tillate med 20 m<sup>2</sup> overdekket uteareal.



### Planområdet – dagens situasjon



*Plankart før endring*

Planavgrensinga vil være den same som for gjeldande plan. (om kryssutforminga for atkomstveg i sør kan løysast som søknad om tiltak.

Planen er realisert med unntak av 3 tomter som framleis er ubygde.

Planeendringa vil venteleg ikkje krevje nye utredningar.

## Forholdet til overordna planar og retningsliner

Kommuneplanens arealdel

Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden (Vi har ikke funne denne planen dokumenter i innsynsløysinga for planer og ber om den blir sendt oss)

Tilgrensande plan Risøy hyttefelt PlanID 1263-201604.

## Moglegheits/stadanalyse

Planarbeidet vil sjå på moglegheit for å regulere inn samlingsplass / ballbane og felles badeplass.

## Verknader av planinitiativet

Planendringa vil ha små eller ingen konsekvensar for landskap, fjernverknad, trafikk, naturmangfald, friluftsliv, kulturverdiar eller barn og unges interesser.

## Medverknad

Som følger av lov og kommunale rutinar.

Bergen Havn.

## Samfunnssikkerhet og risiko

Farlei må ikkje unødig forstyrast.

## Konsekvensutredning

Planendringa er i tråd med overordna planar og vil ikke krevje KU.